Kronborg slott

Sjå òg bydelen Kronborg i Malmö

Kronborg er eit slott som ligg attmed Øresund, kring 1 km nordaust for sentrum i byen Helsingør på Sjælland i Danmark. Det vart i 2000 teke med på UNESCO si liste over verdsarv. Grunngjevinga var at slottet vart sett på som eit einestående døme på eit renessanseslott som har hatt mykje å seie for Nord-Europa opp gjennom historia.

Fredrik II av Danmark-Noreg lét byggja om mellomalderborga *Krogen* i 1574 og 1585 til Kronborgs slott, som òg er ein borg. Bygget ligg ytst på Sjælland, der Øresund er som smalast, og var ein maktfaktor i si tid med omsyn til å få krevja inn Øresundtollen, ei avgift som var lagt på skipsfarten gjennom Øresund.

Slottet er mest kjend for at William Shakespeare sitt skodespel *Hamlet* utspelar seg i «Elsinore» (Helsingør). For mange turistar er Kronborg difor «Hamletslottet».

I det nordaustre tårnet på slottet er det installert eit fyr, Kronborg Fyr.

Kronborg slott

Kronborg slott

Foto: Ikiwaner

Land	Danmark
	Innskriven ved UNESCOs 24. sesjon i 2000. Referansenr. 696.
Kriterium:	KULTUR (IV)
Sjå òg	Verdsarvstader i Norden
Bakgrunnsstoff	Kronborg slott (http://whc.unesco.org/en/list/696) ved unesco.org (http://whc.unesco.org)

Bakgrunnsstoff

- Kronborg (http://www.kronborg.dk) (dansk) på http://www.kronborg.dk
- Kronborgs Slott i Helsingør (http://www.customdesign.se/cityguide/turistinfo/kronborg/index.html)
- UNESCO World Heritage Centre - Kronborg Castle (http://whc.unesco.org/pg.cfm?cid=31&id_site=696)

v · d · e (https://nn.wikipedia.org/w/index.php?title=Mal:Verdsarv_i_Danmark&action=edit)

Verdsarven i Danmark

Jellingmonumenta: Gravhaugar, runesteinar og kyrkje (1994) · Kronborg slott (1995) · Ilulissatfjorden (Grønland) (2004) · Roskilde domkyrkje (2005) · Stevns Klint (2014) · Den danske delen av Vadehavet (2014) · Parforsejaktlandskapet på Nord-Sjælland med Eremitageslottet (2015) · Christiansfeld (2015) ·

Årstalla angjev når staden vart teken opp på verdsarvlista

Autoritetsdata	WorldCat (https://www.worldcat.org/identities/lccn-no2009-058277) · VIAF (https://viaf.org/viaf/172213867) · GND (http://d-nb.info/gnd/4322988-8) · LCCN (http://id.loc.gov/authorities/names/no2009058277) · GeoNames (http://sws.geonames.org/2618192)

Henta frå «https://nn.wikipedia.org/w/index.php?title=Kronborg_slott&oldid=2908717»

Denne sida vart sist endra den 25. september 2016 kl. 13:21.

All tekst er tilgjengeleg under Creative Commons-lisensen Namngjeving/Del på same vilkåra. Sjå Vilkår for detaljar.